



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.: 2024/8871-9

Deres ref.: Håkon Berg Sundet

Dato: 14.09.2024

Innspel - vilkårsrevisjon Aurlandsvassdraget - landbru Kongshellersundet

Måndag 2. september var Nordfjellarådet samla til rådsmøte i Steinbergdalen, Aurland. Der vart det, under sak 14/24, gjort einstemmig vedtak om at Nordfjellarådet sender felles brev til NVE innan 15. september 2024:

Nordfjellarådet viser til pågåande vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget og synfaring 28. august 2024. Nordfjellarådet viser til fråsegn i vilkårsrevisjonsprosessen frå mellom anna Villreinutvalet for Nordfjella, Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd, Aurland Fjellstyre og Vestland fylkeskommune, og stiller seg samla bak ønsket om bygging av landbru over Kongshellersundet. Nordfjellarådet viser også til tiltaksplan for Nordfjella, der forslag frå arbeidsgruppa for kraft og anleggsvegar peikar på at forholde for «Landbru over Nyhellervatnet» «tilseier at ei landbru bør kunna realiserast».

Nordfjellarådet meiner det er viktig at det no blir stilt krav om at foreslått tiltak blir gjennomført. Forholde ligg godt til rette for å eit landbruprosjekt over Kongshellersundet, som kan retta opp igjen neddemde trekkorridorar. Saman med andre målretta tiltak, vil dette kunna vera eit stort bidrag i å betra levevilkåra til villreinen i Nordfjella.

Nordfjellarådet består av ordførarane i dei sju kommunane (Lærdal, Aurland, Voss, Ulvik, Hol, Ål og Hemsedal), to politikarar frå kvar fylkeskommune (Vestland og Buskerud), leiarane for Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd, Villreinutvalet for Nordfjella og Villreinutvalet for Raudafjell og ein representant frå kvar statsforvaltar. Buskerud fylkeskommune har sekretariatsansvaret for rådet. Nordfjellarådet er sett til å følgja opp Regional plan for Nordfjella med Raudafjell, inkludert handlingsprogrammet, som tek for seg viktige samarbeidsprosjekt. Villreinfokus i vilkårsrevisjonar er eitt av prosjekta i handlingsprogrammet.

Venleg helsing

PLAN plan og miljø

Postadresse: Postboks 3563, 3007 DRAMMEN
Besøksadresse: Hauges gate 89, 3019 Drammen
Telefon: 32 80 85 00

E-post: post@bfk.no
Internett: www.bfk.no
Org.nr.: 930580260

Jens Olav Holven
Leiar Nordfjellarådet
Ordførar, Ulvik herad

Kontaktperson:

Lise-Berith Lian
Sekretær Nordfjellarådet
liseberitl@bfk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
hbsu@nve.no